



Advokatfirmaet Vikse
Pb 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2502 - 15/17618

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
24.09.2015

Godkjenning -begjæring om oppdeling i eierseksjoner GBNR 23/548

Administrativt vedtak. Saknr: 348/2015

Saksutgreiing:

Kommunen har mottatt begjæring om oppdeling i eigarseksjonar for gnr 23 bnr 548 i Meland kommune. Det er JM Norge som er heimelshavar og som har signert søknaden, medan det er Advokatfirmaet Vikse som har rekvirert seksjoneringa på vegne av heimelshavar.

Eigedommen består av 2 parsellar der det er godkjent bygging av 2 bustadblokker- ei på kvar parsell. Det er søkt om å oppretta 37 bustadseksjonar og ein næringsseksjon som er samleseksjon for 55 parkeringsplassar, fordelt med 30 plassar i blokk 1 og 25 plassar i blokk 2.

Kvar bueinging har eigen ytre inngang og eiga offisielle gateadresse. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre. Det er 16 bustadseksjonar i blokk 1, fordelt på 2 etasjar og 21 bustadseksjonar i blokk 2, fordelt på 3 etasjar. Storleiken på bueingingane varierer og dette vert gjenspegla med varierende sameigebrøkar på 52, 70 og 88. Samla brøk er 2915/2915. Det er tilleggsareal bygg til kvar bustadseksjon. Dette gjeld balkong og bod i kjellaretasjane. Restarelet i kjellaretasjane utanom arealet til næringsseksjon nr 38 og boder til kvar bustadseksjon er fellesareal.

Arealet utanfor bustadblokkene er fellesareal.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiget: Løypekona byggetrinn 2- leiligheter på gnr 23 bnr 548 i Meland kommune.

Vurdering:

Begjæring om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan dat. 10.09.2015, som tydeleg viser eigedomsgrensene. Uteareal er felles. Vedlegg 1 .
- Planteikningar av bustadblokkene der alle seksjonane er markert- alle plan. Vedlegg 2-8.
- Vedtekter for sameiget: Løypekona byggetrinn 2- leiligheter. Gnr 23 bnr 548 , som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. (skal ikkje tinglyst)
- Firmaattest frå Brønnøysundregistrene.
Søknaden er signert av i Dagleg leder/ direktør og styremedlem som saman har signaturrett.
- Det er ikkje tinglyst urådighet på eigdommen.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar krava i lov om eigarseksjonar.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner, i medhald av § 9 i Lov om eigarseksjonar, begjæring om oppdeling i 38 eigarseksjonar for Sameiget Løypekona byggetrinn 2- leiligheter, gnr. 23 bnr. 548, på grunnlag av situasjonsplan, planteikningar og vedtekter.

Sameiget består av 38 seksjonar, fordelt på 2 eigedomsteigar med 2 bustadblokker. Seksjonsnr. 1-37 er bustadseksjonar med varierende storleik og sameigebrøkar på 52, 70 og 88/2915. Seksjon nr 1-16 er i blokk 1 og seksjon nr 17-37 er i blokk 2. Dei enkelte bustadseksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre. Seksjon 38 er seksjon for næring og gjeld parkeringsplassar avsett i kjellaretasjen på begge blokkene.

Eigedomsgrensene er oppmålt og utearealet på eigdommen er fellesareal. »

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven§ 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om seksjonering vert ettersendt, jf. høvesvis Matrikkellova §7 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Då gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut ifrå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

23_548seksjonering

Mottakere:

Advokatfirmaet Vikse

Pb 95

3101

TØNSBERG